



# DEKSA

Direktoratet for  
eksportkontroll  
og sanksjoner

## Spørsmål og svar om mellombels innførsel av russiskregistrerte bilar

*Sist oppdatert 3. mars 2025*

### **Kva inneberer presiseringa?**

Import av bilar og motorkøyretøy som høyrer innunder tolltariffens kapittel 8703 frå Russland eller med opphav i Russland er allereie forbode. Presiseringa inneber mellom anna at slike bilar ikkje lenger kan førast inn i Noreg, heller ikkje på mellombels basis. Døme på dette er turisme, besøk, handleturar, pendling eller andre arbeidsreiser. Noreg innfører samtidig nokre unntak som opnar for innførsel av slike bilar.

Presiseringa er retta mot *transportmiddelet* som blir brukt, og *ikkje personane* som bruker transportmiddelet. Det er framleis tillate for russiske statsborgarar med gyldig visum og grenseboarbevis å kome til Noreg (såframt dei ikkje er sanksjonerte), men dei må nytte andre transportmiddel enn russiskregistrerte bilar og motorkøyretøy som høyrer innunder tolltariffens kapittel 8703. Sjølv om eit køyretøy er omfatta av eitt av unntaka for innførsel, inneber ikkje det at personane i bilen automatisk får reise inn til Noreg.

### **Kva slags bilar er omfatta av presiseringa?**

Presiseringa av restriksjonane inneber mellom anna at bilar og andre motorkøyretøy i tolltariffens kapittel 8703 ikkje lenger kan førast inn i Noreg, dersom bilen blir eksportert frå Russland eller har opphav i Russland. Dette gjelder også mellombels innførsel.

Russiskregistrerte bilar vert forutsett at blir eksportert frå Russland, slik at dei er omfatta av forbodet.

Tolltariffens kapittel 8703 omfattar bilar og andre motorkøyretøy hovudsakeleg konstruert for transport av personar som ikkje høyrer inn under tolltariffens kapittel 8702. Til dømes vil stasjonsvogner, racerbilar, bubilar og snøskutere vere omfatta.

Motorkjøretøy for transport av ti eller fleire personar, inkludert føraren, er omfatta av tolltariffens kapittel 8702, og er ikkje omfatta av importforbodet. Presiseringa gjeld såleis ikkje bussar eller minibussar med ti eller fleire sete.

Importforbodet omfattar også varebilar som fell under tolltariffens kapittel 8704. For fullstendig oversikt over alle varar inkludert kjøretøy som er omfatta av importforbodet, sjå nærare i lista i forskriftas [vedlegg XXI](#).

### **Kan eg ta en russisk buss frå Russland til Noreg?**

Ja. Bussar og minibussar med ti eller fleire sete er ikkje omfatta av importforbod.

### **Finst det unntak frå importforbodet?**

Ja. Det er fire unntak frå importforbodet knytta til innføring av bilar og motorkjøretøy i tolltariffens kapittel 8703:

Det vert til dømes innført unntak for diplomatiske kjøretøy og kjøretøy som høyrer til internasjonale organisasjonar eller ein stats kurereneste.

Det vert innført unntak for kjøretøy som er eigd av en person med fast bustad i Russland som er statsborgar av Noreg eller eit anna EØS-land eller nær familie-medlemmer av slik statsborgar, dersom kjøretøyet ikkje innføres for sal, men utelukkande til personleg bruk. Nære familie-medlemmer tyder her ektefelle, registrert partner, sambuar, barn og foreldre. Dette unntaket vert endra 19. mars 2024, slik at det nå også omfattar kjøretøy eigd av personar med fast bustad i Russland som er nær familie-medlemmer av ein norsk statsborgar eller ein EØS-borger.

Det vert innført unntak for mellombels innførsel av kjøretøy som er nødvendig av humanitære grunnar. Døme på dette er akutt sjukdom, dødsfall eller gravferd i familie.

I tillegg kan ein søkje unntak hjå DEKSA i særlege tilfelle der utanrikspolitiske omsyn tilseier det.

### **Eg er norsk statsborgar og bur i Russland. Kan eg besøke Noreg i min russiskregistrerte bil?**

Ja. Det er fastsett unntak for kjøretøy som er eigd av ein person med fast bustad i Russland som er norsk statsborgar eller eit nært familie-medlem av ein norsk statsborgar. Nære familie-medlemmar tyder her ektefelle, registrert partner, sambuar, barn og foreldre.

### **Eg er statsborgar frå eit EØS-land og bur i Russland. Kan eg besøke Noreg i min russiskregistrerte bil?**

Ja. Det er fastsett unntak for kjøretøy som er eigt av ein person med fast bustad i Russland som er EØS-borgar eller eit nært familiemedlem av ein EØS-borgar. Nære familiemedlemmer tyder her ektefelle, registrert partner, sambuer, barn og foreldre.

**Eg er russisk statsborgar og bur i Russland. Kan eg mellombels ta med min russiskregistrerte bil til Noreg?**

Nei, ikkje om bilen fell under tolltariffens kapittel 8703. Det er berre mogleg å dra til Noreg med bilen din dersom eitt av unntaka gjeld for reisa di.

**Eg er russisk statsborgar og bur i Noreg. Kan eg mellombels ta med min russiskregistrerte bil til Noreg?**

Nei, ikkje om bilen fell under tolltariffens kapittel 8703. Det er berre mogleg å dra til Noreg med bilen din dersom eitt av unntaka gjeld for reisa di.

**Eg er russisk statsborgar. Eg bur i Russland, men mi norske ektefelle bur i Noreg. Kan eg passere grensa til Noreg med min russiskregistrerte bil?**

Ja. Det er fastsett unntak for kjøretøy som er eigt av ein person med fast bustad i Russland som er eit nært familiemedlem av ein norsk statsborgar. Nære familiemedlemmer tyder her ektefelle, registrert partner, sambuer, barn og foreldre.

**Eg har dobbelt statsborgarskap, norsk og russisk, og bur i Russland. Kan eg passere grensa til Noreg med min russiskregistrerte bil.**

Ja. Det er fastsett unntak for kjøretøy som er eigt av ein norsk statsborgar med fast bustad i Russland eller statsborgaren sitt familiemedlem. Det har ikkje noko å seie at du òg har russisk statsborgarskap.

**Eg er norsk og bur i Noreg. Eg vil gjerne køyre i Noreg med ein russiskregistrert bil som er eigt av min russiske ektefelle. Kan eg køyre bilen til Noreg?**

Det kjem an på om ektefellen din har fast bustad i Russland eller ikkje. Dersom ektefellen har fast bustad i Russland, fell kjøretøyet innunder unntaket i forskrifta. Dersom ektefellen har fast bustad i Noreg, kan det russiskregistrerte kjøretøyet ikkje innførast til Noreg.

**Eg er russisk statsborgar og bur i Noreg med min ektefelle. Kan eg ta med meg min russiskregistrerte bil etter å ha vore på besøk i Russland?**

Nei, ikkje om bilen fell under tolltariffens kapittel 8703. Det er lagt til grunn at russiske statsborgarar som bur fast i Noreg har norskregistrert bil.

**Eg er russisk statsborgar og bur i Russland. Barnet mitt bur i Noreg. Kan eg køyre min russiskregistrerte bil for å besøke barnet mitt?**

Det kjem an på om barnet ditt er norsk statsborgar eller EØS-borgar, eller ikkje. Dersom barnet ditt er norsk statsborgar eller EØS-borgar, kan du innføre bilen til Noreg.

Dersom barnet ditt ikkje er norsk statsborgar eller EØS-borgar, kan du som utgangspunkt ikkje innføre bilen til Noreg. Det er då berre mogleg å dra til Noreg med bilen din dersom eitt av unntaka gjeld for reisa di. Du kan likevel passere grensa i til dømes ein norskregistrert bil, bil registrert i eit anna land enn Russland, buss eller minibuss.

**Eg er russisk statsborgar og bur i Russland. Eg har familie i Noreg som er russiske statsborgare. Kan eg køyre min russiskregistrerte bil til Noreg i naudstilfelle, til dømes ved akutt sjukdom i familien?**

Ja. Det er gjort unntak for mellombels innførsel av køyretøy som er naudsynt av humanitære grunnar, til dømes akutt sjukdom, dødsfall eller gravferd i familie. Du må kunne dokumentere på grensa at du må innføre køyretøyet mellombels av humanitære grunnar. Dersom du kan oppnå formålet med besøket med annan transport, til dømes buss, vil ikkje vilkåret «naudsynt» vere oppfylt.

**Eg arrangerer transport for bytte av russisk mannskap på russiske fiskefartøy som har unntak frå hamneforbodet og fartøy frå andre land. Kan slikt mannskap nytta russiskregistrerte bilar for å komme seg til hamna?**

Nei, dei kan ikkje nytte russiskregistrerte bilar som fell under tolltariffens kapittel 8703. Dei kan anten ta buss, minibuss med ti eller fleire sete eller bilar registrerte i Noreg eller andre land enn Russland.

**Eg er russisk grensebuar. Kan eg køyre til Noreg i min russiskregistrerte bil?**

Nei, ikkje om bilen fell under tolltariffens kapittel 8703. Det er berre mogleg å dra til Noreg med bilen din dersom eitt av unntaka gjeld for reisa di. Du kan likevel passere grensa i til dømes ein norskregistrert bil, bil registrert i eit anna land enn Russland, buss eller minibuss.

**Kan eg importere ein bil frå Russland eller som har russisk opphav?**

Nei. Den nye presiseringa endrar ikkje regelen i Ukraina-forskrifta § 17g og vedlegg XXI som allereie forbyr kjøp, import og overføring av mellom anna bilar som vert eksportert frå Russland eller har russisk opphav.

## **Kor kan eg få svar på andre spørsmål om tolkinga av forbodet?**

Du kan sende spørsmålet ditt til [post@deksa.no](mailto:post@deksa.no).

Alle i Noreg har ei sjølvstendig plikt til å overhalda dei til ei kvar tid gjeldande sanksjonane. DEKSA ber derfor alle om å setje seg godt inn i regelverket. DEKSA vil ikkje kunne gi konkret juridisk rådgiving, men kan gi rettleiing om korleis sanksjonane skal forståast. Me forventar at alle gjer eigne vurderingar knytt til regelverket og søker ekstern juridisk bistand ved behov. Ved førespurnader til DEKSA må det leggjast ved ei eigenvurdering der det kjem fram kva vurderingar ein sjølv har gjennomført.